

eKommune Sunnmøre

Samarbeidsavtale IKT-drift

Ålesund-Sula-Giske-Haram-Skodje-Ørskog-Norddal-Sandøy

Handsama i styret eKommune Sunnmøre 13.09.2012

Vedteken i:

Ålesund kommune	xx.xx.2012
Sula kommune	xx.xx.2012
Giske kommune	xx.xx.2012
Haram kommune	xx.xx.2012
Skodje kommune	xx.xx.2012
Ørskog kommune	xx.xx.2012
Norddal kommune	xx.xx.2012
Sandøy kommune	xx.xx.2012

Innhald:

1. Bakgrunn	2
2. Formål	2
3. Organisering	2
4. Tenesta sitt innhald	3
5. Teneste- og servicenivå.....	3
6. Kostnader, kostnadsfordeling og betaling.....	3
7. Endring og uttrede av samarbeidet.....	4
8. Iverksettjing	5

1. Bakgrunn

Denne avtalen er inngått mellom kommunane Ålesund, Sula, Giske, Haram, Skodje, Ørskog, Norddal og Sandøy kommunar, og trer i kraft med verknad frå 01.01.2013.

Med heimel i § 28-1b i kommunelova vert det etablert eit vertskommunesamarbeid for IKT-drift, med Ålesund kommune som vertskommune. Vedtaket skal forankrast gjennom vedtak i kommunestyra i samarbeidskommunane i 2012.

2. Formål

Avtalen skal regulere drift-, vedlikehald og servicenivå som Ålesund skal yte som vertskommune, organisering av samarbeidet og økonomiske plikter kommunane tek på seg. Denne avtalen vert supplert med vedteken ikt-strategi og handlingsplan.

3. Organisering

Ålesund kommune er vertskommune for IKT-driftseininga.

Ålesund kommune er ansvarleg for å levere IKT-tenester innafor ramma av denne avtalen, til kommunane Sula, Giske, Haram, Skodje, Ørskog, Norddal og Sandøy.

Styret i eKommune Sunnmøre er samarbeidsorgan for IKT-tenesta, og møtast etter behov, normalt 4-5 gongar pr. år. Styret i eKommune Sunnmøre består av rådmennene i samarbeidskommunane.

IKT-drift er organisert som ei teneste under felles leiar. Oppmøtestad for den enkelte tilsette er i utgangspunktet minst 3 dagar pr. veke(rekna ut frå 100% stilling), i sin «opphavlege» kommune, for å ivareta kontinuiteten på IKT-området her. Dette vert fortløpande vurdert, og avtalt mellom vertskommunen og den einskilde kommune.

Tenesta har hovudkontor på rådhuset i Ålesund kommune som har ope 5 dagar i veka. IKT-drift leverer støttefunksjonar og stiller data-/serverrom til disposisjon for ei effektiv og formålstenleg drift. Kostnader inngår i fordelingsgrunnlaget.


Gitt at tenestekvaliteten skal vidareførast på minst same nivå, må bemanninga totalt sett oppretthaldast. Det vert opp til den einskilde kommune å vurdere om dei vil avgi personellressursar eller driftsmidlar, tilsvarende sin del. Andelen vert utrekna etter vedteken fordelingsnøkkel.

Vertskommunen overtar arbeidsgjeveransvaret frå 1.1.2013 for IKT-årsverk etter avtale med den enkelte kommune.

Dei andre kommunane stiller lokalitetar og utstyr til disposisjon for IKT- tilsette. Kostnadene ved dette vert belasta den enkelte kommune.

Vedtak som treffast i vertskommunen og som påverkar samarbeidet, skal varslast deltakarkommunane så snart som råd.

Denne skissa syner kommunikasjonslinene mellom dei ulike aktørane:



4. Tenesta sitt innhald

Vertskommunen skal levere tenester som omfattar alle sider av kommunane si IKT- drift, på tilsvarende nivå som tenesta blir levert internt i Ålesund kommune.

Vertskommunen har einerett til å levere IKT-tenester til deltakande kommunar innafor ramma av samarbeidet, regulert gjennom IKT-strategien, vedtekne samarbeidsavtalar og SLA'ar (Service Level Agreement, avtale om tenestenivået).

Dette inneber at vertskommunen skal drifte felles og kommunalt IKT-utstyr og infrastruktur, og stå for nødvendig standardisering

Kommunane pliktar å varsle vertskommunen om påkommande byggeprosjekt, og avklare behovet for og evt. korleis ein etablerer tilknytning til datanettet, organiserer internt sprednett, plassering av trådlause basestasjonar, videokamera, telefonløysing, kortbasert adgangskontrollsystem osb.

Vertskommunen sitt ansvar omfattar ikkje det økonomiske ansvaret for kommunane sitt eige lokale IKT-utstyr, eigne kommunale lisensar eller den enkelte kommune sin interne infrastruktur. Med

kommunale lisensar meiner ein lisensar som ikkje er kjøpt i fellesskap i vertskommunen. Den enkelte kommune har vidare det økonomiske ansvaret for telefoni, kommunikasjonsutstyr og interne kommunale samband. Driftsansvaret vert overført til vertskommunen frå avtalen trer i kraft.

Det kan stillast krav til kvalitet og funksjonalitet for kommunane sitt IKT-utstyr, samband og programvare for å ivareta ein forsvarleg totaløkonomi.

Det skal vere rom for å inngå tilleggsavtalar med enkeltkommunar om drift av særskilte IKT-løysingar som går utover rammene for samarbeidet.

5. Teneste- og servicenivå

Servicenivået i avtalen er ei vidareføring av Ålesund kommune sitt interne servicenivå. Dette inneber at viktige system installert i fellespunktet, er døgnopne. Ålesund kommune vil monitorere utstyret i fellespunktet og nettverksutstyr, t.o.m. hovudswitchen i det einskilte kommunale bygg, og innlemme dette i si vaktordning.

Meir omfattande vedlikehald, som fører til nedetid, bør så langt råd er leggst til natt eller laurdag/søndag.

Vertskommunen utarbeider felles retningslinjer og kontaktinformasjon for henvendelser innanfor og utanfor arbeidstid.

Omfattande endringar eller prosjekt i den enkelte kommune må avtalast særskilt, og i rimeleg tid.

Den einskilte kommune skal ha minst det servicenivå den hadde før samarbeidet vart etablert, og dette skal ivaretakast i SLA'ane mellom vertskommunen og deltakarkommunane.

6. Kostnader, kostnadsfordeling og betaling

Budsjett og økonomiplan for drift og investering, for alle ytingar som vertskommunen skal gi, skal utarbeidast i ein årleg prosess, og vere klar innan 1. oktober.

Kostnadene vert fordelt etter vedteken fordelingsnøkkel, p.t. 30% lik deling, og 70% delt etter folketal.

2013 vil likevel verte eit overgangs år der ein må basere seg på tidlegare års budsjett for hovudsakleg å vidareføre kommunane si eksisterande systemportefølje.

Modellen for vertskommunen baserer seg på ein tilnærma proporsjonal IKT-satsing i kommunane. Dette vert ivareteke ved at kommunane i aukande grad får felles IKT-tenester levert frå fellespunktet. Dersom einskilte kommunar fråviker dette prinsippet kan dette medføre auka kostnader. Slike avvik skal handsamast i styret.

Basert på budsjettet, fakturerer vertskommunen kvartalsvis, med 30 dagars betalingsfrist og fylgjande forfallsdatoar: 15. februar, 15. mai, 15. august og 15. november. Endeleg avrekning skjer innan 31. januar året etter avrekningsåret, i tråd med faktiske kostnader.

Ev. fellesutstyr utplassert i deltakarkommunane har rett på fri straum, inntil 12.000,- kr pr. år inflasjonsjustert, pr. kommune. Vertskommunen har rett til å nytte kommunale bygg til å plassere utstyr osb. for å levere sine tenester. Dette inkluderer også antenner.

7. Endring og uttreden av samarbeidet

Den enkelte kommune kan med eitt års skriftleg varsel seie opp si deltaking i eKommune Sunnmøre og krevje seg løyst frå dette, jf. § 28-1i i Kommuneleva.

Dersom deltakarane er einige om det, kan samarbeidet oppløysast med umiddelbar verknad, jf. § 28-1i i Kommuneleva.

Ved uttreden eller oppløysning vil den enkelte kommune sjølv overta ansvaret for dei oppgåver som er omfatta av samarbeidet, jfr. § 4 i denne avtalen.

Dei eigendelar og verdiar som er opparbeidde i fellesskap under avtalen skal tilbakeførast til kommunane etter same fordelingsnøkkel som er etablert for deling av kostnadar.

Endring av avtalen

Endringar i avtalen krev godkjenning av minst halvparten av samarbeidskommunane.

Usekje

Dersom det oppstår tvistar i samband med avtalen, skal tvisten søkjast løyst ved forhandlingar før den eventuelt vert bringa inn for dei ordinære domstolane. Sunnmøre tingrett er verneting.

8. Iverksetjing

Samarbeidsavtalen trer i kraft frå 01.01.2013.